



Eit lass med leikar fekk ungane på sjukehuset i Haugesund

6 100 kroner samla flinke born inn til sjukehuset i Haugesund i Øyro Marina i Uskedalen denne sommaren. No er leikane kjøpt inn og overrekt og kan verta tekne i bruk. Barneavdelingen har på 10 år fått gåver for ein million kroner, har Haugesund Avis rekna ut.

Flokken som denne sommaren har gjort ein så storartet innsats er Selma Terese Hodne (8), Liv Kristi Hodne (8, tvillingsøsteren), Lars Jostein Almås (7) og Frida Almås (22)

De har hatt hjelp av fleire andre på Øyro og barna har panta flasker, seld egne teikningar og dekorasjonar og hatt turnering i fotball. Det var moren, Sølvi Karen, som hadde ideen.

Då sjukepleiar Åshild Susort tok imot familien laurdag syntes hun dette var eit fantastisk initiativ og var glad for at barn bryr seg om andre barn. Dei har til og med nytta egne pengar for å kjøpa egne råvarer som til dømes perledekorasjonar.

- Men det er ikkje for alle å gi på denne måten, dei må ville det sjølve, held ho fram.

Ingen var lei seg for at alle leikane var gitt bort etter handlerunden. Familien har allereie starta planleggjinga for neste år. Då vert kanskje sjukehuset på Stord tilgodesett.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Tove Høgemark

